

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 844/2011

2017/EØS/4/20

av 23. august 2011

om godkjenning av den kontrollen før eksport som Canada gjer av kveite og kveitemjøl med omsyn til førekomst av okratoksin A(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 av 29. april 2004 om offentlig kontroll for å sikre at føvare- og næringsmiddelregelverket samt bestemmelsene om dyrs helse og velferd overholdes⁽¹⁾, særleg artikkel 23, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsforordning (EF) nr. 1881/2006 av 19. desember 2006 om fastsettelse av grenseverdier for visse forurensende stoffer i næringsmidler⁽²⁾ er grenseverdiane for okratoksin A i næringsmiddel fastsett. Det er berre næringsmiddel som ikkje overskrider grenseverdiane som kan bringast i omsetning i Unionen.
- 2) I forordning (EF) nr. 882/2004 er det fastsett at medlemsstatane har plikt til å sikre at det jamleg vert gjennomført offentlege kontrollar på grunnlag av ei risikovurdering, og så ofte som det er føremålstenleg for å nå måla i forordninga, som mellom anna er å førebyggje, fjerne eller redusere risikoar for menneske og dyr til eit akseptabelt nivå.
- 3) I artikkel 23 i forordning (EF) nr. 882/2004 er det fastsett at særlege kontrollar som ein tredjestat gjer av fôr og næringsmiddel rett før eksport til Den europeiske unionen for å stadfeste at dei eksporterte produkta oppfyller krava i Unionen, kan godkjennast.
- 4) Ei slik godkjenning kan berre gjevast til ein tredjestat dersom det ved ein revisjon utført av Den europeiske unionen vert påvist at fôr eller næringsmiddel som vert eksportert til Den europeiske unionen, oppfyller krava i Unionen eller tilsvarande krav, og at kontrollar som vert utførte i tredjestaten før avsending, vert rekna for å vere så effektive og føremålstenlege at dei kan erstatte eller redusere dokumentkontrollane, identitetskontrollane og dei fysiske kontrollane som er fastsette i unionsretten.
- 5) Canada sende 8. oktober 2007 inn ein søknad til Kommisjonen om godkjenning av den kontrollen før eksport som dei rette styresmaktene i Canada gjer

av okratoksin A-ureining i kveite (vanleg kveite og durumkveite) og kveitemjøl som er meint for eksport til Den europeiske unionen.

- 6) Kommisjonen har vurdert grundig dei opplysningane som Canadian Grain Commission, den rette styresmakta i Canada som har ansvaret for gjennomføringa av kontrollen før eksport, har lagd fram, og reknar dei garantiane som er lagde fram for å vere tilfredsstillande og for å grunnje godkjenninga av kontrollen før eksport av kveite og kveitemjøl med omsyn til førekomst av okratoksin A.
- 7) Den kontrollen før eksport som Canada gjer av kveite og kveitemjøl for å sikre at dei grenseverdiane for okratoksin A som er fastsette i unionsretten, vert overhaldne, bør difor godkjennast.
- 8) I samsvar med artikkel 16 nr. 2 i forordning (EF) nr. 882/2004 skal medlemsstatane tilpasse talet på fysiske kontrollar ved import til dei risikoane som er knytte til dei ulike kategoriane næringsmiddel, og ta omsyn til dei ulike kategoriane næringsmiddel, og ta omsyn til mellom anna dei garantiane som dei rette styresmaktene i opphavstredjestaten for dei aktuelle næringsmidla, har gjeve. Den systematiske kontrollen før eksport som vert utført under tilsyn av Canadian Grain Commission i samsvar med godkjenninga til Unionen og i medhald av artikkel 23 i forordning 882/2004, gjev tilfredsstillande garantiar med omsyn til okratoksin A-ureining i kveite og kveitemjøl og gjer det difor mogleg for medlemsstatane å redusere talet på fysiske kontrollar av desse varene.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Godkjenning av kontroll før eksport**

Den kontrollen før eksport med omsyn til førekomst av okratoksin A som Canadian Grain Commission utfører rett før eksport til Den europeiske unionen, er godkjend for følgjande næringsmiddel:

- a) kveite som er omfatta av HS/KN-kode 1001, framstilt på territoriet til Canada, og
- b) kveitemjøl som er omfatta av HS/KN-kode 110100, framstilt på territoriet til Canada.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 218 av 24.8.2011, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 80/2012 av 30. april 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 50 av 13.9.2012, s. 13.

(¹) TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1.

(²) TEU L 364 av 20.12.2006, s. 5.

*Artikkel 2***Vilkår for godkjenning av kontroll før eksport**

1. Ved kvar sending av dei produkta som er nemnde i artikkel 1, skal det følgje med:
 - a) ein rapport som inneheld resultatata av prøvetaking og analysar som er utførte i samsvar med føresegnene i kommisjonsforordning (EF) nr. 401/2006 av 23. februar 2006 om fastsettelse av prøvetakings- og analysemetoder for offentlig kontroll av innholdet av mykotoksiner i næringsmidler⁽¹⁾, eller i samsvar med tilsvarende krav, av eit laboratorium som Canadian Grain Commission har godkjent for dette føremålet,
 - b) eit sertifikat som svarar til modellen i vedlegget, som er utfylt, attestert og underskrive av ein representant for Canadian Grain Commission. Sertifikatet skal vere gyldig i fire månader frå den datoen det vart utferda.
2. Rapporten og sertifikatet som er nemnde i nr. 1, kan verte utferda elektronisk når den praktiske gjennomføringa er avtalt.
3. Kvar sending med næringsmiddel skal merkast med ein identifikasjonskode som svarar til koden på rapporten og sertifikatet som er nemnde i nr. 1. Kvar einskild pose eller annan type emballasje i sendinga skal merkast med denne koden.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 23. august 2011.

*Artikkel 3***Oppdeling av sendingar**

Dersom ei sending vert delt opp, skal det ved kvar del av den oppdelte sendinga, fram til ho vert omsett fritt, leggjast ved kopiar av sertifikatet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 bokstav b), som skal vere attesterte av den rette styresmakta på territoriet til den medlemsstaten der oppdelinga har funne stad.

*Artikkel 4***Offentlege kontrollar**

I samsvar med føresegnene i artikkel 16 nr. 2) og artikkel 23 nr. 2) i forordning (EF) nr. 882/2004 skal talet på dei fysiske kontrollane som medlemsstatane gjer av sendingar med dei produkta som er nemnde i artikkel 1, reduserast til høgst 1 % av talet på sendingar som vert lagde fram i samsvar med artikkel 2.

*Artikkel 5***Ikraftsetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 1. oktober 2011.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

⁽¹⁾ TEU L 70 av 9.3.2006, s. 12.

VEDLEGG

STAT

Sertifikat ved import til EU

Del I: Opplysninger om sendinga	I.1. Avsendar Namn Adresse		I.2. Referansenummeret til sertifikatet	I.2.a.			
	Telefonnr.		I.3. Sentral rett styresmakt				
			I.4. Lokal rett styresmakt				
	I.5. Mottakar Namn Adresse		I.6. Person som har ansvaret for sendinga i EU Namn Adresse				
	Postnummer Telefonnr.		Postnummer Telefonnr.				
	I.7. Opphavsstat	ISO-kode	I.8.				
			I.9. Mottakarstat	ISO-kode	I.10.		
	I.11. Opphavsstad		Godkjeningsnummer			I.12.	
	Namn Adresse						
	I.13. Lastestad		I.14. Avsendingsdato				
I.15. Transportmiddel Fly <input type="checkbox"/> Skip <input type="checkbox"/> Jarnbanevogn <input type="checkbox"/> Veggående køyretøy <input type="checkbox"/> Anna <input type="checkbox"/> Kjenneteikn Dokumentreferanse		I.16. Innførselsgrensekontrollstasjon i EU					
		I.17.					
I.18. Karakteristikk av vara		I.19. Varekode (HS-kode)			I.20. Mengd		
I.21. Produkttemperatur Omgjevnadstemperatur <input type="checkbox"/> Kjølt <input type="checkbox"/> Fryst <input type="checkbox"/>		I.22. Tal på kolli					
I.23. Forseglings-/containernummer		I.24. Type kolli					
I.25. Varer sertifiserte til: Konsum <input type="checkbox"/> Fôr <input type="checkbox"/> Vidare handsaming <input type="checkbox"/>							
I.26.		I.27. For import eller innførsel til EU <input type="checkbox"/>					
I.28. Identifikasjon av varene Type handsaming		Partinummer					

STAT

KVEITE – KONTROLL FØR EKSPORT

Del II: Attesting	II.	Opplysningar om hygiene	II.a. Referansenummeret til sertifikatet	II. b.
	<p>I samsvar med kommisjonsforordning (EU) nr. 844/2011 om godkjenning av den kontrollen før eksport som Canada gjer av kveite og kveitemjøl med omsyn til førekomst av okratoksin A, stadfestar eg (underskrivne),, som godkjend representant for den rette styresmakta som er nemnd i artikkel 1, at varene som er omtala i del I av sertifikatet, er produserte, sorterte, handterte, handsama, emballerte og transporterte i samsvar med god hygienep praksis og at dei har gjennomgått ein kontroll før eksport som er godkjend ved kommisjonsforordning (EU) nr. 844/2011, og garanterer at dei varene som er omfatta av dette sertifikatet, vil verte transporterte til Den europeiske unionen i ein container som er i samsvar med god hygienep praksis. Frå denne sendinga vart det (dato) teke prøver for å fastsetje innhaldet av okratoksin A. Prøvene vart analyserte (dato) ved (namnet på laboratoriet) og nærmare opplysningar om prøvetakinga, analysemetodane og alle resultatata er vedlagde.</p> <p>Merknader</p> <p>Dette sertifikatet er gyldig i fire månader etter utferdinga.</p> <p>Del I</p> <ul style="list-style-type: none"> – Rubrikk I.11: Godkjenningsnummer: berre dersom det er relevant. – Rubrikk I.19: Bruk relevant HS-kode frå Verdas tollorganisasjonen under 1001 eller 1101. – Rubrikk I.20: Oppgje samla brutto- og nettovekt. – Rubrikk I.25: «Vidare handsaming» tyder «sortering eller annan form for fysisk handsaming før konsum». 			
<p>Offentleg veterinær eller offentlig inspektør</p> <p>Namn (med blokkbokstavar): Stilling og tittel:</p> <p>Dato: Underskrift:</p> <p>Stempel:</p>				